

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

Representanten Arve Helle (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Helle gjekk frå under vurdering av spørsmål om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helle gjekk frå under behandling av saka.

Det var 16 representantar til stades.

Fylkesdirektøren la fram forslag til endra ordlyd slik at innstillinga vert i samsvar med dei nye reglane om noteopplysingar m.a. for garantiar som vert innført med det første. Endringa er ein liten justering i punkt 1 som ikkje endrar realiteten, men gjer at vedtaket kjem i samsvar med forskrifta. Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til endringa.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengesprosjekt på riks- og europavegar. Vestland fylke stiller ikkje lenger nye garantivedtak for riks- og europavegprosjekt.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, UA) og fall.
Innstillinga punkt 1-2 vart vedteke mot 4 røyster (FNB, FRP, UA).
Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 2 røyster (FNB, UA).

Innstilling til fylkestinget

1. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 1 025 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar.

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

3. Vestland fylkeskommune syner til vedtak i Stortinget hausten 2020, der Stortinget ber regjeringa om å legge fram sak om at Staten skal overta garantiansvaret for bompengesprosjekt på riks- og europavegar, og ber om at dette vert følgd opp på noverande og framtidige lånegarantiar.